



Vår ref.
2002000682-5/L12 //TOOY

Dykkar ref.

Dato:
23.05.2002

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR UTVIDING AV GRAVPLASS - FEDJE KOMMUNE.

Plankartet er sist datert 12. juni 2002 (revisjon B).

Planen er vedteke av kommunestyret i Fedje den 26. september 2002, sak 050/02.

§ 1 GENERELT

Det regulerte området er vist med stipla linje som reguleringsgrense på kart i mål 1:1000.

Areala i planområdet skal nyttast til følgjande føremål :

Offentlege trafikkområde :

- Køyreveg
- Parkering
- Fortau

Spesialområde :

- Område for gravlund
- Frisiktsoner for veg

§ 2 FELLES BESTEMMELSER

Plankrav.

Byggjemelding skal ha situasjonsplan i målestokk 1:500 som syner korleis arealet skal nyttast. Plankartet skal syne eventuelle forstøtningsmurar, gjerde, areal for parkering, lagerareal og terreng etter utbyggjing (kotehøgder).

Eksisterande tre eller tregrupper skal vera innmålt og synt på kartet. Planframlegget skal syne ny vegetasjon og gamle tre som skal vera ein del av utvida gravplass.

Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei naerare gransking av staden, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

(side 1 av 2)

§ 3 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

I trafikkområdet skal det vera :

Kjøreveg
Parkeringsplass

Kjørevegen skal ha ei breidde på min. 6 m slik som eksisterende veg, i tillegg til naudsynt areal for skulder og sideareal.

Parkeringsplassen skal nyttast av dei som vitjar gravplassen.

Avkøyrsløse til parkeringsplassen skal og vera avkøyrsløse til eigedomen gnr. 168, bnr.3.

Svingradius på avkøyrsløse til parkeringsplassen skal vera min. 4 m. Parkeringsplassen skal liggja minimum 12 m frå midtlina i fylkesvegen. Det kan byggjast maksimum 27 parkeringsplassar innafør område for parkeringsplass.

§ 4 SPESIALOMRÅDE

Gjeld :

Område for gravlund
Frisiktsoner for veg

Område for gravlund skal brukast til gravplass samt naudsynte vegar, anlegg og bygg for dette.

Gjerde (steingard) kring gravlund kan byggjast inntil 6 m frå midtlina i fylkesvegen. Eksisterande gjerde langs fylkesvegen kan stå sjølv om det er bygd nærare enn 6 m frå midtlina i fylkesvegen.

I frisktsoner skal det vera fri sikt i ei høgde av 0,5 meter over planum til vegane. Parkeringsplass i frisktsoner er ikkje tillate.